



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/581-6

09.06.2015

**HØYRING- EINSKILDE ENDRINGAR I INNDELINGSLOVA OG
KOMMUNELOVA**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender med dette på høyring framlegg til einskilde lovendringar i lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) og lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

I arbeidet med konkrete inndelingssaker i den pågåande kommunereforma har departementet blitt merksam på behov for å gjere nokre mindre endringar i inndelingslova, for at lova kan fungere som ein teneleg reiskap ved grenseendringar. I høyringsnotatet føreslår departementet også einskilde mindre justeringar i kommunelova.

Departementet ber om synspunkt frå høyringsinstansane på framlegga til lovendringar i inndelingslova og kommunelova.

Høyringsfristen er **1. oktober 2015**. Høyrings svar **skal** sendast digitalt via «Send inn høyrings svar» på www.regjeringa.no

For å gi høyringsfråsegn, gå til: <https://www.regjeringen.no/id2413708>

Alle kan gi høyringsfråsegn. Høyringsfråsegnene er offentlege etter offentleglova og blir publiserte fortløpande.

Vi ber om at høyringsinstansane vurderer om saka bør sendast vidare til underliggjande organ, organisasjonar osb. som ikkje står på høyringslista.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Gry Langsæther
Seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Vedlegg: Høyringsnotatet
Liste over høyringsinstansane